

PRØVEFISKERESULTAT FRÅ BISMAREN, 14.07.99.

Omtale av vatnet:

- Areal 172,5 ha, hoh. 1333 m.
- Vatnet har dårlege gytemoglegheiter, gytemoglegheitene finst vesentleg på utløpsbekken ned mot Dimmedalstjønnet.
- Fisken kan vandra opp frå Dimmedalstjønnet.

Omtale av fisket og fangsten:


- Det vart fiska ei natt med 1 stk. W. Jenssen prøvegarnserier.
- Samla fangst 15 fisk, gjennomsnittstorleik 259 g.
- Vatnet er tidlegare prøvefiska i 1978, 1984, 1990 og 1995.
- Gjennomsnittstorleiken var i 1995; 181g.
- Kondisjonsfaktoren var i 1995; 0,98, 1999; 0,95.
- Fisk over 24 cm var ljøs raud eller raud i kjøtet.
- Mageinnholdet var luftinsekt og steinfluelarve.
- Fiskeutsetjing dei siste 10 åra:

1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999
800	750	500	250	250	0	0	0	0	0	0

- Veksten er avtakande med aukande alder, men det er ikkje teikn til vekststagnasjon.
- Garnfiskerapport (vesentleg tynningsfiske) dei 4 siste åra viser følgjande fangster:

1996	1997	1998	1999
42 kg	300 kg	5 kg	111 kg

- Fangsten fordelt på lengdegrupper viser følgjande utvikling frå 1995-1999:



Konklusjon/tiltak:

- Fangsten i prøvefisket var liten, noko som gjev uvisse til konklusjonane.
- Kvaliteten på auren i Bismaren kan framleis betrast.
- Det vert truleg fiska for lite i forhold til dei fiskemengder som veks opp i vatnet.
- Det bør førebels ikkje setjast ut fisk.
- Eit kontrollert tynningsfiske med garn i maskevidde 24 - 28 mm vil på sikt gje betre kvalitet på den store fisken.
- Tynningsfisket må drivast i kontrollerte former med registrering av fangst og statistikk over omfang.